

# FISKERIDIREKTØREN

Bergen den 22.10.71  
Ny/GIN

## MELDING FRA FISKERIDIREKTØREN J. 291

Forskrifter om fisket ved utløpet av Hæreidselven i Årdalsfjorden.-  
Ardal kommune, Sogn og Fjordane.

Direktoratet for jakt, viltstell og ferskvannsfiske har  
den 14. oktober 1971 fastsatt forskrifter om fisket i ovennevnte  
område. Forskriftene følger vedlagt.

Forskriftene kan fåes ved henvendelse til Direktoratet  
for jakt, viltstell og ferskvannsfiske, Trondheim.

DIREKTORATET FOR JAKT VILTSTELL OG FERSKVANNSFISKE

Elgesetergt. 10, 7000 Trondheim, tlf. 37 020.

KGJ/MB/OY/hg.

DIREKTORATFØRESEGN:

Direktoratføresegn om fredning av eit område ved utlaupet av Hæreidselva i Årdalsfjorden, Årdal kommune, Sogn og Fjordane.

I medhald av lov frå 6.mars 1964 om laksefiske og innlandsfiske, § 68, sjå kgl. res. frå 25.september 1965, har Direktoratet for jakt, viltstell og ferskvannsfiske den 14.oktober 1971 fastsett desse føresegnene for fisket ved utlaupet av Hæreidselva i Årdalsfjorden, Årdal kommune, Sogn og Fjordane fylke:

I.

Det er til kvar tid forbode å nytta kastenot, snurpenot, setjegarn og liknande reidskap, likeeins kilenot, krokgarn, botngarn, lakseverp og liknande innretningar ved utlaupet av Hæreidselva, Årdal kommune, Sogn og Fjordane fylke, innafor det trekantområdet som vert avgrensa av ei rett line med utgangspunkt i Geithusbekken sitt utlaup i sjøen aust for Kallnosi til det nord-vestre hjørnet av A/S Årdal og Sunndal verk sitt industriområde på sørssida av Tangenvegen, og ei anna rett line frå same utgangspunkt til merke i Raudenobbi mellom Årdalstangen og Seimsdalen, og ei line langs stranda mellom ovafor nemnde hjørne og merket i Raudenobbi.

Dette forbodet gjeld likevel ikkje for fiske med kastenot med større maskevidd enn 5,8 cm., kilenot, lakseverp eller liknande reidskap i tida frå måndag kl. 18.00 til fredag kl. 18.00, når slik reidskap vart nytta før matrikkelrevisjonen etter lova frå 6.juni 1863 og det kan provast at det er teki omsyn til dette fisket ved auke i matrikkelkulda.

2.

II.

Brot på desse føresegner vert straffa.

III.

Desse føresegner tek til å gjelda straks.

Samstundes vert Høgste Resolusjon av 18.september 1896  
om fisket utafor Årdalselva sett ut or kraft.

---